

---

Saksnr: 2020/45559-8  
Saksbehandlar Ole Ingar Hagen Hæreid  
Dato: 12.01.2021

---

---

**Til:** Sekretariatet for kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet - statusrapport

### Bakgrunn

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 80/2018 i møte 03.10.2018: «På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Å sikre tilstrekkeleg detaljert planlegging av transportberedskapen, som synleggjer korleis transporten skal gjennomførast i praksis dersom ei hending utløyser det ekstraordinære beredskapsbehovet, og oppdatert oversikt over beredskapsaktørar.
2. Å avklare med Samferdselsdepartementet kva som er lovpålagte oppgaver som fylkeskommunen har ansvar for i sivil transportberedskap.
3. Å utarbeide skriftlege rutinar knytt til oppfølging av beredskapsplanar/-arbeid.
4. At revisjonen av Transportberedskap Hordaland 2010 blir ferdigstilt, behandla og følgt opp, samt sikrar at dokumentet blir evaluert og oppdatert jamleg.
5. Å skriftleggjere praksisen som er etablert for handtering av avvik og endringar i skuleskysstilbodet som følgje av hendingar på vegnettet
6. Å sikre at beredskapsplanar knytt til transportberedskap blir gjort kjent for alle tilsette desse er relevante for, og sørger for at alle tilsette som er involvert i arbeid med transportberedskap deltek i naudsynte øvingar og mottek opplæring knytt til eigen rolle.
7. Å ta initiativ til meir samarbeid med kommunane i Hordaland og andre fylkeskommunar om planlegging og utføring av transportberedskap.
8. Å gjennomføre årlege kontaktmøte med aktørar som kan ha ei særskilt rolle innan den sivile transportberedskapen.
9. Å informere politisk nivå om resultatet av evaluering av transportberedskapen etter ras, flom ol. hendingar som har medført større utfordringar i samferdselssektoren. Slike erfaringar bør også vurderast i arbeidet med framtidige ROS-analyser.
10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Denne forvaltningsrevisjonen har vore følgt opp av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved 2 tidlegare høve og ved 2 tidlegare høve av kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune, der det i møte i kontrollutvalet 12.10.2020 vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet har merka seg som positivt at ein er komme ein god del lenger i forbetningsarbeidet enn ved forrige rapportering når det gjeld forvaltningsrevisjon av beredskap på vegnettet.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av punkta 1, 3, 6, 7, 8 og 9 til første møte i utvalet i 2021, med frist for levering til sekretariatet innan 15.01.2021.

Status på oppfølging av forvaltningsrevisjon av beredskap på vegnettet januar 2021.

### **1 Å sikre tilstrekkeleg detaljert planlegging av transportberedskapen, som synleggjer korleis transporten skal gjennomførast i praksis dersom ei hending utløyer det ekstraordinære beredskapsbehovet, og oppdatert oversikt over beredskapsaktørar**

Fylkesrådmannen viser til fylkestinget sitt vedtak i sak PS 101/2020 Alternative transportløyningar ved stengt stengt veg. Fylkestinget gjorde følgjande samrøystes vedtak:

1. Både kommunane og fylkeskommunen har eit beredskaps- og samfunnsansvar når det oppstår uønskte hendingar m.a. på vegnettet i Vestland. Sjølv om fylkeskommunen ikkje har ei lovmessig plikt til å etablere alternative transportløyningar ved hendingar med stengt veg, vil vi likevel kunne ha eit samfunnsmessig ansvar for dette som stor regional samfunnsaktør.
2. Følgjande prinsipp skal leggst til grunn ved beredskapsplanlegging knytt til hendingar med stengt veg:
  - a. Ved kortvarige vegstengingar på inntil 3 dagar set fylkeskommunen inn alternativ transport for skuleskyss så snart det er praktisk mogleg. Fylkeskommunen vil gå i dialog med kommunen og transportør før alternative transportløyningar vert sett i verk.
    - i. Rutetilbodet skal tilpassast skulestart og skuleslutt. Arbeidsreisande og andre må tilpassa seg avgangen på skuletransporten.
    - ii. Dersom kommunane ønskjer transportordningar ut over dette, må dei ta ansvar for dette sjølv, også økonomisk.
  - b. Ved langvarig stenging i meir enn 3 dagar vil fylkeskommunen etablere alternative rute-opplegg frå dag 4. Ruteopplegg og frekvens må avklarast i tett dialog med den kommunen det gjeld. Fylkeskommunen ordnar med materiell og tek kostnadane.
3. Ved planlagde stengingar vil fylkeskommunen sette opp alternative transportløyningar i dei tilfella der det er nødvendig.
4. Stengt riks/europaveg er Statens vegvesen sitt ansvar. Ved stengt riks/europaveg vil det vere opp til Statens vegvesen å etablere og finansiere alternative transportløyningar.

Prinsippa for alternative transportløyningar ved stengt veg er innarbeidde i beredskapsplanane til avdeling for infrastruktur og veg og avdeling for mobilitet og kollektiv.

Vedtaket er gjort kjent for kommunane i Vestland fylke i eige brev. Vedlikehald, drift og beredskapsseksjonen på INV etablerer kontakt med kommunane når det har oppstått hendingar som medfører stengt veg og behov for alternative transportløyningar. Skyss som ansvarleg for kollektivtransport vil finne materiell m.m. for å etablere alternativ transport der det er behov for det.

### **3 Å utarbeide skriftlege rutinar knytt til oppfølging av beredskapsplanar/-arbeid.**

Fylkesrådmannen har utarbeidd overordna beredskapsplan for Vestland fylkeskommune. Den overordna beredskapsplanen og gjennomførte ROS-analysar, vil bli lagt til grunn ved revisjon av avdelingsvise beredskapsplanar på INV og MOK. Oppdatering av planverk skal ha årleg revidering. Etter handtering av ei krise skal verksemda så raskt som mogleg attende til normal drift. Beredskapsarbeidet evaluerast for å trekke lærdom av handteringa, og avdekke om det er behov for å justere planverk.

Skriftlege rutinar for oppfølging av beredskapsplanar og beredskapsarbeid vil bli utarbeidde og lagt inn i fylkeskommunen sitt kvalitetsssystem. Infrastruktur og vegavdelinga er i ferd med å ta i bruk systemet vegCIM i beredskapsarbeidet på fylkesvegområdet.

Når det har oppstått ei hending på ein fylkesveg, vil byggjeleiar på vedlikehald, drift og beredskaps- seksjonen ved INV kontakte kommunen si beredskapsleiing (ordførar/rådmann) så snart det er praktisk mogleg for å varsle/informere om hendinga. Gjennom fylkestinget sitt vedtak pkt. 2a får MOK v/Skyss ansvar for å setja i verk alternativ skuleskyss så raskt det let seg gjera. Denne oppgåva er lagt til den faste driftsberedskapsordninga som Skyss har.

Dersom stenginga vert langvarig, jf. pkt. 2b i vedtaket, går dette inn som ei vanleg driftsrelatert oppgåve i Skyss.

**6 Å sikre at beredkapsplanar knytt til transportberedskap blir gjort kjent for alle tilsette desse er relevante for, og sørger for at alle tilsette som er involvert i arbeid med transportberedskap deltek i naudsynste øvingar og mottak opplæring knytt til eigen rolle.**

Følgjande planar for INV er lagt ut på avdelinga sitt intranett og i kvalitetssystemet, og dermed gjort tilgjengeleg for alle tilsette:

- Beredkapsplan for INV
- Krisekommunikasjonsplan for INV
- Kontinuitetsplan for INV
- HMS-plan for INV (under utarbeiding)

I tillegg er det lagt ut varslingsplanar for dei tilsette på INV som er direkte involvert i beredkapsarbeidet på fylkesvegnettet.

Planverket er også lagt inn i VegCIM og gjort tilgjengeleg for dei som er involvert i det daglege beredkapsarbeidet.

Alle tilsette på avdelinga er lagt inn som kontaktar i VegCIM for på den måten å kunne sende ut meldingar på SMS eller e-post dersom det blir behov det.

Om lag 50 av dei i storleiken 300 tilsette på INV er definerte/vil bli definerte som brukarar av VegCIM og får tilgang til systemet som brukar. Det er avdelinga si målsetting av dette verktøyet skal vere i dagleg bruk for å handtere små og store hendingar på fylkesvegnettet. Når VegCIM er klart til bruk vil det bli gitt opplæring i bruken av verktøyet. Det er planlagt kurs i VegCIM i månadsskiftet januar/februar 2021. Det blir også lagt opp til øvingar der vi skal teste ut både beredkapsplanar og verktøyet VegCIM

**7 Å ta initiativ til meir samarbeid med kommunane i Hordaland og andre fylkeskommunar om planlegging og utføring av transportberedskap.**

MOK har regelmessig kontakt med kommunane i Vestland om kollektivtilbodet, både det eksisterande og utviklingstendar. I desse møta vil det vera naturleg å ta opp tema knytt til beredskap. Ettersom kommunane har det primære beredkapsansvaret innan den einskilde kommune, så kviler det eit ansvar på dei for å ta opp denne type problemstillingar.

Det har så langt ikkje vore stort behov for kontakt med andre fylkeskommunar i beredkapsarbeidet. Me ser likevel at det kan vera tenleg å styrka kontakten med andre fylkeskommunar i arbeidet med det faglege grunnlaget for beredkapsplanar.

Det er etablert er samarbeidsforum for beredkapsarbeid mellom fylkeskommunane på overordna nivå. Dette forumet er forankra i KS sitt rådmannsutval, og tek opp felles problemstillingar. Her er m.a. Sivil transportberedskap teke opp som ei sak med samferdsledepartementet, der det trengs avklaringar. Frå Vestland fylkeskommune deltek fylkesrådmannen sin beredkapskoordinator i dette forumet.

På vegsida er det under etablering eit beredkapsforum mellom fylkeskommunane. Her vil INV sin beredkapskoordinator delta.

Det er jamleg kontakt med kommunane om beredkapsarbeid gjennom Statsforvaltaren (tidlegare fylkesmannen) sitt fylkesberedkapsråd. Her deltek også andre beredkapsorganisasjonar som Helse, Førde, politi, brann og redning, Statens vegvesen m.m.

**8 Å gjennomføre årlege kontaktmøte med aktørar som kan ha ei særskilt rolle innan den sivile transportberedskapen.**

Tidlegare var fylkeskommunane ein sentral aktør i det regionale beredkapsarbeidet, og førte m.a. oversikter over transportørar og verkstader. Etter omorganiseringa av den sivile transportberedskapen vart dette arbeidet tona kraftig ned, og det vart slutt på dei regelbundne øvingane og møta med dei private aktørane. Dette er dei sentrale beredkapsorgana kjente med, og sjølv om den endra praksisen ikkje er heimla i lovverket, har fylkeskommunane ikkje fått reaksjonar på dette. Me har lenge venta på ei klårgjering av desse tilhøva frå departementet.

**9 Å informere politisk nivå om resultatet av evaluering av transportberedskapen etter ras, flaum ol. hendingar som har medført større utfordringar i samferdselssektoren. Slike erfaringar bør også vurderast i arbeidet med framtidige ROS-analyser.**

Følgjene av større naturhendingar som har påverka infrastrukturen eller kollektivtransporten skal rapporterast til det politiske fagutvalet. I meldinga vil det verta lagt vekt på korleis omsynet til det råka publikummet er teke i vare, samt kva læring ein kan dra av hendinga.

Hendingar som medfører økonomiske forpliktingar for fylkeskommunen, vil bli lagt fram som eigne saker for handsaming og løyving på politisk nivå.

Ved hendingar med skade og dødsfall på eige personell (inkl. entreprenør) eller trafikantar vil bli fylkesordførar, utvalsleiar og fylkesrådmann bli varsla så snart som praktisk mogleg.

Når VegCIM er teke i bruk vil det vere mogleg å ta ut statistikk som viser tal hendingar på vegnettet den siste månaden, kvartal, halvår eller år. Dette vil bli lagt fram som orienteringssak til politisk fagutval.